



Då kan vi starta innspurten i årets julekonkurransen. I morgon er siste runde, men det er enno muligheter å bli blant dei 5 i finaletrekninga, så det er berre å bli med. Det kjem nye med i kvar einaste runde. Vinnarpremien er 5 flaxlodd. I dagens bilete held vi oss på karneval..

**Dagens vers:**

Bjørgulv dansar med formann i laget  
som køyrde Volvo i yngre dage.  
Har jobba både i nord og sør,  
Også velkjend som distributør.  
Av avkom vart det søner to,  
og ein fin gjeng barnebarn er det blitt no.

Dei som har framlegg til kven Bjørgulv dansar med her, kan senda det på sms til 932 88 237 eller på epost til [thordossland@gmail.com](mailto:thordossland@gmail.com) innan fristen 30.12. kl.23.59.

Då satsar vi på ein skikkeleg spennande innspurt i denne rekordjamne konkurransen. Send inn, send inn!

Gårdagens runde var nok den runden med flest feilsvar til no. Feilprosenten var oppe på ein par og tredve. Dei aller fleste av desse meinte det var Lars Haugland som klypte sauene. Nokre var også inne på Kåre Kristoffersen og Ståle Eik. Det låg nok grundig arbeid og research bak svara. Fleire brukte at han var keivhendt og eit par nemnde hårmanken då dei bestemte seg for svar. Trass i desse tre gode alternativa var det **Anders Kristoffersen** som var saueklipparen, og sauene han klypte tilhørte Nelly og Jon Harald Kjærland. Det høyrer også med til historia at det var svært mange som deltok i denne runden. Kjekt!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.